

Orientering til skolane

OM INNTAK TIL VIDAREGÅANDE OPPLÆRING FOR
ELEVAR MED BEHOV FOR SÆRSKILT TILRETTELEGGING





**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Opplæringsavdelinga
Inntakskontoret
Agnes Mowinckels gt 5
Postboks 7900
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 94 60
www.hordaland.no

INNHALD

Inntak til vidaregåande opplæring for elevar med behov for særskilt tilrettelegging.

Kven kan søkje om inntak 1. februar:	3
• Søknad om inntak til eit særskilt prioritert utdanningsprogram på Vg1.....	3
• Søknad om inntak til 2. og 3. år for elevar med opplæring i mindre grupper.....	4
• Søknad om inntak til Vg2 og Vg3, på grunnlag av individuell vurdering, for elevar med behov for spesialundervisning og som ikkje har vurdering med karakterar frå Vg1 og Vg2.....	4
• Søknad om inntak til opplæring ut over tre år	5
• Søknad om inntak for døve og tunghørte	5
• Søknad om inntak for sterkt svaksynte og blinde elevar.....	5
• Søknad om inntak på grunnlag av behov for fysisk tilrettelegging.....	6
• Søknad om inntak til statlege spesialpedagogiske kompetansesentra	6
• Søknad om inntak til kjøp av undervisningstenester frå andre instansar	6
Korleis søkje?	7
• Den sakkunnige vurderinga som skal leggjast ved søknaden.....	7
• Anna dokumentasjon som kan leggjast ved søknaden	8
• Søknadsfrist	8
Korleis kan opplæringa organiserast?	7
• Studiekompetanse eller yrkeskompetanse	9
• Grunnkompetanse	9
• Utdanningsprogram.....	10
<i>Spesialundervisning med opplæring i mindre grupper</i>	
• Lita gruppe HTH – Kvardagslivstrening.....	11
• Lita gruppe HTA – Arbeidstrening.....	12
• Eiga gruppe HT – Grunnkompetanse	13
• Spesialundervisning med opplæring i ordinær gruppe	14
• Mindre tilretteleggingsbehov.....	12

Kven kan søkje om inntak 1. februar?

Ikkje alle har dei same føresetnadene for å bli tekne inn i den vidaregåande skolen, eller å gjennomføre det ordinære opplæringsstilbodet. I Opplæringslova står det at ein del av elevplassane i den vidaregåande skolen skal reserverast for søkjarar som etter sakkunnig vurdering har behov særskilt tilrettelegging. Det vil seie at dei ikkje tevlar om plass ut frå oppnådd poengsum i ungdomsskolen.

Søknad om inntak til eit særskilt prioritert utdanningsprogram på Vg1

Elevar som har rett til spesialundervisning (jfr. Opplæringslova § 5-1, 1. ledd), og som på grunnlag av sakkunnig vurdering har særleg behov for eit særskilt prioritert utdanningsprogram på Vg1, har rett til inntak på dette utdanningsprogrammet etter forskrift fastsett av departementet. (jfr. Opplæringslova § 3-1, 6. ledd).

Vilkår for inntak til eit særskilt prioritert utdanningsprogram på Vg1 er at eleven har rett til vidaregåande opplæring etter Opplæringslova § 3-1, 1. ledd og rett til spesialundervisning etter Opplæringslova § 5-1. Retten må dokumenterast med sakkunnig vurdering etter Opplæringslova § 5-3, og ikkje vere meir enn tre år gamal.

Søkjaren må dessutan ha behov for spesialundervisning på grunn av

- **sansedefektar og motoriske defektar**

Elevar med sansedefektar og motoriske defektar som er alvorleg yrkesvalhemma på grunn av funksjonshemminga, og som har rett til spesialundervisning etter Opplæringslova § 5-1.

- **store lærevanskar**

Store generelle lærevanskar: Eleven må ha hatt spesialundervisning etter Opplæringslova § 5-1 gjennom det meste av grunnskolen.

Store spesifikke lærevanskar: Eleven må ha hatt rett til spesialundervisning etter Opplæringslova § 5-1 heile perioden etter at vanskane vart diagnostiserte av sakkunnig instans.

- **emosjonelle eller sosiale problem**

Elevar med alvorlege, dokumenterte sosiale og/eller emosjonelle vanskar der problema er så store, og gir slike konsekvensar for skolegangen at eleven har rett til spesialundervisning etter Opplæringslova § 5-1.

- **store samansette funksjonshemmingar**

Desse vanskane må vere dokumenterte av sakkunnig instans, og eleven må ha rett til spesialundervisning etter Opplæringslova § 5-1.

- **andre funksjonshemmingar**

Elevar med andre vanskar (til dømes medisinske vanskar eller erverva hjerneskade) som er alvorleg yrkeshemmande. Vanskane må vere dokumenterte og eleven må ha rett til spesialundervisning etter Opplæringslova § 5-1.

Søkjar har rett til inntak til det særskilt prioriterte utdanningsprogrammet på Vg1 dersom søkjar har valt på grunnlag av, og er i samsvar med sakkunnig vurdering.

Søkjar si funksjonshemming/problem må vere vesentleg, og av ein slik karakter at han/ho har små føresetnader for å meistre andre kurs enn det som er ført opp som det særskilte prioriterte utdanningsprogrammet på Vg1. Det trengst ei sakkunnig vurdering både med omsyn til søkjaren si funksjonshemming, og behov for tilrettelegging i den vidaregåande skolen. Det er situasjonen til søkjar når søknaden blir vurdert som skal leggjast til grunn.

Opplæringsavdelinga tek inn søkjarane til særskilt prioritert utdanningsprogram på Vg1, på grunnlag av den sakkunnige vurderinga. Ved innbyrdes konkurranse mellom søkjarar innanfor ein fastsett kvote til eit kurs, må Opplæringsavdelinga prioritere dei søkjarane som har størst behov.

Ved søknad må det leggjast ved sakkunnig vurdering frå PPT for grunnskolen eller OT/PPT for vidaregåande skole.

Opplæring kan organiserast på følgjande måtar:

- Spesialundervisning med opplæring i lita gruppe HTH (4-6 elevar)
- Spesialundervisning med opplæring i lita gruppe HTA (4-6 elevar)
- Spesialundervisning med opplæring i eiga gruppe HT (8-10 elevar)
- Spesialundervisning med opplæring i ordinær gruppe (15-30 elevar)

Søknad om inntak til 2. og 3. år for elevar med opplæring i mindre grupper

Elevar som har fått vedtak om inntak i mindre grupper ved inntak til Vg1 og som skal fortsetje ved same skole og utdanningsprogram på 2. og 3. året, skal kun søkje på vigo.no. Papirsøknad med vedlegg treng ikkje sendast til Inntakskontoret.

Søknad om inntak til Vg2 og Vg3, på grunnlag av individuell vurdering, for elevar med behov for spesialundervisning og som ikkje har vurdering med karakter frå Vg 1 og Vg2

Søkjar med behov for spesialundervisning og som ikkje har vurdering med karakter frå Vg1 og Vg2, skal takast inn på grunnlag av individuell vurdering. Det skal gjerast ei heilskapsvurdering som også legg vekt på sakkunnig vurdering, og søkjaren si prioritering.

Søkjar skal takast inn på eit Vg2 eller Vg3 som byggjer på det Vg1 eller Vg2 søkjaren har gjennomgått.

Ved søknad må det leggjast ved sakkunnig vurdering frå OT/PPT for vidaregåande skole, jfr forskrift til Opplæringslova §6-24.

Søknad om inntak til opplæring ut over tre år

Elevar som har rett til spesialundervisning (jfr Opplæringslova §5-1, 1. ledd), har rett til vidaregåande opplæring i inntil to år ekstra når eleven treng det i forhold til opplæringsmåla for den enkelte.

Eleven må først søkje Hordaland fylkeskommune - Opplæringsavdelinga om utvida rett. Søknaden om utvida rett skal sendast til Inntakskontoret som brev med kopi av ny sakkunnig vurdering av elevens særlege behov for opplæring utover 3 år.

Retten gjeld også elevar som har rett til opplæring i og på teiknspråk etter Opplæringslova § 3-9 eller rett til opplæring i punktskrift etter Opplæringslova § 3-10 (jfr Opplæringslova § 3-1, 5. ledd).

Merk at papirsøknad om inntak *må* sendast til Inntakskontoret. Sakkunnig vurdering om rett til spesialundervisning etter Opplæringslova § 5-3 skal leggjast ved.

Søknad om inntak for døve og tunghørte etter Opplæringslova §5 og §3-9 og inntak til knutepunktskole

Døve og sterkt tunghørte elevar har rett til opplæring etter §5 og §3-9 i Opplæringslova.

Nordahl Grieg vidaregåande skole er knutepunktskole for hørselshemma. Skolen er bygd med tanke på å gi ei best mogleg tilrettelegging for hørselshemma elevar. Det er tatt særleg omsyn til moglegheit for organisering i mindre grupper og til å gi god lydteknisk tilrettelegging for elevar som har Ci og høreapparat. Nordahl Grieg vidaregåande skole vil gi opplæring i alle fellesfaga og samarbeide med Slåtthaug vidaregåande skole, Sandsli vidaregåande skole og Stend vidaregåande skole for å kunne gi eit breidt tilbod innan dei ulike programfaga. Elevar som søkjer knutepunktskolen for hørselshemma kan søkje alle programfaga ved Nordahl Grieg-, Slåtthaug-, Sandsli- og Stend vidaregåande skole.

Døve elevar som har behov for tolk vil få tilbod om det. Det vil også bli gitt opplæring i og på teiknspråk i fellesfaga og i nokre av programfaga. For innsøking til knutepunktskolen er det søknadsfrist 1. februar. Andre elevar med hørselshemming som søkjer tilbod ved andre skolar bør også sende sin søknad til 1. februar, slik at vi har god tid til å sikre forsvarleg tilrettelegging.

Ved søknad må det leggjast ved dokumentasjon av eleven sine behov. Dette gjeld og ved eventuelt behov for sosialpedagogisk butilbod.

Søknad om inntak for sterkt svaksynte og blinde elever etter Opplæringslova §5 og §3-10

Sterkt svaksynte og blinde elever har rett til tilpassa opplæring etter §5 og §3-10 i Opplæringslova. Før det blir gjort vedtak om slik opplæring, skal det liggje føre sakkunnig vurdering.

Arbeidet med overgang til vidaregåande opplæring bør starte det året eleven er på 9. trinn.

Når ønska skoleval er tatt, må Opplæringsavdelinga i fylkeskommunen få melding om

dette. Opplæringsavdelinga må syte for at vedkommande skole får melding om skoleval innanfor same tidsrom.

Sterkt svaksynte og blinde elevar må søkje om inntak med behov for særskilt tilrettelegging. Ved søknaden må det leggjast ved ny dokumentasjon av eleven sine behov.

Fylkessynspedagogtenesta bør ha ein rådgjevande funksjon, og vere eit bindeledd mellom PPT og OT/PPT i den førebuande fasen.

Synspedagogisk gruppe ved Tertnes vgs. tilbyr tilrettelagt opplæring for sterkt synshemmede/blinde elevar med sammensatt funksjonshemming. Det pedagogiske opplegget retter seg mot elevar med behov for grunnleggende opplæring i punktskrift, Ikt og mobilitet.

Søknad om inntak på grunnlag av behov for fysisk tilrettelegging

Det er viktig at skolane tidleg får melding om elevar som har behov for fysisk tilrettelegging. Dette kan vere bygningsmessig tilrettelegging eller innkjøp av utstyr. Desse elevane må derfor søkje inntak 1.februar.

Ved søknad må det leggjast ved ny dokumentasjon av eleven sine behov.

Søknad om inntak til statlege spesialpedagogiske kompetansesentra

Dette gjeld elevar som skal søkje inntak til statlege spesialpedagogiske kompetansesentra (t.d. Andebu kompetansesenter og Briskeby skole og kompetansesenter).

Søknad skal sendast til Inntakskontoret med kopi til den aktuelle skolen.

Søknad om inntak til kjøp av undervisningstenester frå andre instansar

I heilt spesielle høve kan OT/PPT for vidaregåande skolar tilrå ei anna type opplæring enn på vidaregåande skole.

Det kan komme tilråding om at fylkeskommunen gir slik opplæring gjennom kjøp av undervisningstenester frå andre instansar. Fylkeskommunen har ansvar for denne opplæringa.

Vi gjer merksame på at elevane bruker av opplæringsretten når dei får slik opplæring betalt av fylkeskommunen.

Søknadsfrist: 1. februar. Ved søknad om inntak må det leggjast ved sakkunnig vurdering frå OT/PPT for vidaregåande skolar.

Korleis søkje?

1. Fyll ut søknad på: www.vigo.no og kryss av for særskilt søknad
2. Send inn skjemaet: "Søknad om inntak til vidaregåande opplæring for elevar med behov for særskilt tilrettelegging". Vi rår til at ein tar kontakt med rådgjevar på skolen, PPT for grunnskolen eller OT/PPT for vidaregåande opplæring, for nærare informasjon

Skjemaet finn du her:

<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/opplaering/inntak>

3. Alle elevar må i tillegg søkje om spesialundervisning på:

<https://iop.hfk.no/>

«Søknad om inntak til vidaregåande opplæring for elevar med behov for særskilt tilrettelegging» skal fyllast ut i **tre** eksemplar og skal sendast til:

Inntakskontoret i Hordaland
Postboks 7900
5020 Bergen

Søknadsfrist: 1. februar 2012

Den sakkunnige vurderinga som skal leggjast ved søknaden (jfr. inntak til eit særskiltprioritert utdanningsprogram på Vg1)

Ved søknad om inntak til eit særskilt prioritert utdanningsprogram på Vg1 skal det leggjast ved vurdering frå sakkunnig instans, som dokumenterer at eleven har behov for inntak etter Opplæringslova §3-1, 6. ledd.

Sakkunnig instans er den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT). PPT må sjå til at det ligg føre tilstrekkeleg sakkunnig vurdering.

Den sakkunnige vurderinga skal blant anna greie ut og ta standpunkt til (jfr. Opplæringslova §5-3):

1. Eleven sitt utbytte av det ordinære opplæringstilbodet.
2. Lærevanskar hjå eleven og andre særlege forhold som er viktige for opplæringa.
3. Realistiske opplæringsmål for eleven. Kva føresetnader og moglegheiter eleven har for å meistre dei programområde han/ho har søkt, og grunngjeving for at det særskilt prioriterte utdanningsprogrammet på Vg1 er tilrådd av den sakkunnige.
4. Om ein kan hjelpe på dei vanskane eleven har innanfor det ordinære

opplæringstilbudet. Vurdering om eleven eventuelt har føresetnader for å meistre andre utdannings-program på Vg1 enn det han/ho har ført opp som sitt primære val.

5. Kva for opplæring som gir eit forsvarleg opplæringstilbod
6. Om ein reknar med at det kan bli behov for opplæring utover 3 år etter Opplæringslova §3-1, 5. ledd, jfr forskrift til Opplæringslova §6-19.

Anna dokumentasjon som kan leggjast ved søknaden

Ved søknad om inntak 1. februar er det også viktig å leggje ved uttale som dokumenterer kva opplæringsbehov eleven har, og grunngjeving for søknaden. Det skal leggjast ved IOP, halvårsrapport og sakkunnig vurdering etter Opplæringslova § 5-3.

I tillegg kan det leggjast ved uttale (attest/fråsegn) frå fagpersonell. Med fagpersonell meiner ein:

- pedagogisk personell
- medisinsk personell
- attføringspersonell
- miljøpersonell
- andre med relevant kunnskap og kompetanse om eleven

Inntakskontoret har i avgrensa grad tid til å kontakte søkjar/innsøkjande instans for å hente inn tilleggsopplysningar. Det er difor søkjar/innsøkjande instans som må syte for, og har ansvaret for at nødvendige og tilstrekkelege opplysningar følgjer søknaden ved innsending.

Alle opplysningar om utdanning, praksis og tilhøve som gjer at søkjar ber om elevplass utanom poengreglane, må vere dokumenterte i søknaden. Opplysningar som ikkje er dokumenterte eller er ufullstendige, vil til vanleg ikkje bli tatt omsyn til under saksbehandlinga. Dette gjeld også vedlegg som eventuelt blir sendt inn etter at søknaden er levert.

Dokumentasjonen må vere grundig og av nyare dato.

Det må også leggjast ved halvårsvurdering frå inneverande skoleår.

Søknadsfrist

Søknadsfristen er 1. februar 2012.

Av omsyn til saksbehandlinga er det viktig at fristen blir halden. For eventuelle søknader som blir sendt inn etter fristen må det leggjast ved særleg grunngjeving for den seine innsendinga.

Søknadar som manglar naudsynte vedlegg vert sendt i retur.

Spørsmål i samband med inntak kan rettast til Opplæringsavdelinga tlf. 55 23 94 60, eller OT/PPT tlf. 55 23 94 70.

Korleis kan opplæringa organiserast?

Innhaldet i undervisninga vil variere i høve til eleven sine behov og interessefelt. Den vidaregåande opplæringa skal føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse (jfr Opplæringslova § 3-3).

Studiekompetanse eller yrkeskompetanse

Ved fullført og bestått tre års vidaregåande opplæring eller fag-/sveinebrev etter godkjende læreplanar vil ein få studie- eller yrkeskompetanse.

Grunnkompetanse

Ein del ungdomar vil, av ulike årsaker, vanskeleg kunne nå målet om full kompetanse. Med grunnkompetanse meiner vi at eleven, etter avtale, får opplæring i einskilde delar av fag etter gjeldande læreplan. For ein elev som skal ha tilbod om grunnkompetanse skal det utarbeidast individuell opplæringsplan. På den måten skal eleven sikrast eit kvalitativt dokumentert tilrettelagt opplæringstilbod. I kompetansebeviset vil ein sjå kva mål i læreplanen som er gjennomført og bestått. Dette dokumentet er gyldig med omsyn til vidare påbygging seinare.

Vi rår til at grunnskolen og PPT for grunnskolen tar kontakt med den aktuelle vidaregåande skole, og eventuelt OT/PPT for vidaregåande skole, for å drøfte opplæringstilbod for søkjaren.

Utdanningsprogram

Det er mogleg å søkje inntak til eit ordinært utdanningsprogram med mål om grunnkompetanse. Det vil også vere mogleg å søkje opplæring i mindre gruppe ved ei rekkje skolar. Alle elevar må søkje eit av dei 12 utdanningsprogramma.

Yrkesfaglige utdanningsprogram

- Bygg og anleggsteknikk - BA
- Design og handverk - DH
- Elektrofag - EL
- Helse og sosialfag - HS
- Medier og kommunikasjon - MK
- Naturbruk - NA
- Restaurant og matfag - RM
- Service og samferdsel - SS
- Teknikk og industriellproduksjon - TP

Studieforberedende utdanningsprogram

- Idrettsfag - ID
- Musikk, dans og drama - MD
- Studiespesialisering - ST/Studiespesialisering med formgjevinsfag - STFO

I samband med inntaket vil elevane bli tatt inn etter den sakkunnige vurderinga som er lagt ved søknaden.

Opplæringa kan organiserast på følgjande måtar:

- Spesialundervisning med opplæring i lita gruppe HTH (kvardagslivstrening 4-6 elevar)
- Spesialundervisning med opplæring i lita gruppe HTA (arbeidstrening 4-6 elevar)
- Spesialundervisning med opplæring i eiga gruppe HT (8-10 elevar)
- Spesialundervisning med opplæring i ordinær gruppe (15-30 elevar)

Spesialundervisning med opplæring i lita gruppe HTH
(kvardagslivstrening 4-6 elever)

Opplæringa er tilrettelagt for elevar med store hjelpebehov med rett til spesialundervisning. Målet er at elevane skal få betre kompetanse til å meistre ein framtidig tilrettelagt arbeids-, bu- og fritidssituasjon. Opplæringa skal kvalifisere for eit meir sjølvstendig liv med minst mogleg hjelp. Den sakkunnige vurderinga frå OT/PPT vil vere retningsgivande for tilrettelegginga og innhaldet i opplæringa. Opplæringa er tilpassa den einskilde elev og det vil bli utarbeidd individuelle opplæringsplanar. Målgruppa er elevar som har trong for eit varig tilrettelagt omsorgstilbod i form av t.d. dagsenter. Følgjande skolar har tilbod om opplæring i lita gruppe HTH - kvardagslivstrening

Skolenr	Skolenamn	BA	DH	EL	HS	MK	NA	RM	SS	TP	ID	MD	ST	STFO
12053	Askøy videregående skule				X									
12057	Bergen Tekniske fagskule				X									
12010	Bømlo videregående skule				X				X				X	
12040	Fusa videregående skule				X									
12093	Knarvik videregående skule	X	X											
12020	Kvinnherad videregående skule							X					X	
12066	Laksevåg videregående skule	X											X	
12084	Nordahl Grieg videregående skule				X	X			X				X	
12021	Odda videregående skule	X								X				
12070	Olsvikåsen videregående skule				X									
12042	Os videregående skule				X									
12071	Osterøy videregående skule		X											
12032	Rogne videregående skule				X			X						
12075	Stend videregående skule						X							
12076	Sotra videregående skule, avd. Sund				X									X
12013	Stord videregående skule	X		X		X					X	X	X	X
12037	Øystese gymnas												X	
12083	Årstad videregående skule		X			X		X		X				
12082	Åsane videregående skule				X									

Spesialundervisning med opplæring i lita gruppe HTA (arbeidstrening 4-6 elever)

For nokre elevar vil det vere aktuelt å bli utplassert i tilrettelagt arbeid på ein ordinær arbeidsplass eller ei vekstbedrift. Fylkeskommunen gjer avtaler med vekstbedriftene om kartlegging av arbeidsevne og hospitering/utprøving for elevar i desse gruppene. Skolane og OT/PPT har eit forpliktande samarbeid med NAV kontora om overgang frå skole til arbeidsliv/dagsenter. Den sakkunnige vurderinga frå OT/PPT vil vere retningsgivande for tilrettelegginga og innhaldet i opplæringa til den einkilde. Følgjande skolar har tilbod om opplæring i lita gruppe HTA – arbeidstrening:

Skolenr	Skolenamn	BA	DH	EL	HS	MK	NA	RM	SS	TP	ID	MD	ST	STFO
12053	Askøy vidaregåande skole	X												
12090	Austrheim vidaregåande skole	X						X						
12061	Austevoll vidaregåande skule			X	X		X			X			X	
12040	Fusa vidaregåande skule				X		X	X						
12057	Bergen Tekniske fagskole				X									
12062	Fyllingsdalen vidaregåande skole												X	
12093	Knarvik vidaregåande skule	X	X						X					
12066	Laksevåg vidaregåande skole	X				X				X				
12084	Nordahl Grieg vidaregåande skole				X	X			X				X	
12021	Odda vidaregåande skule				X					X				
12070	Olsvikåsen vidaregåande skole							X						
12042	Os vidaregåande skule				X				X	X				
12071	Osterøy vidaregåande skule		X							X				
12032	Rogne vidaregåande skule				X			X						
12074	Sotra vidaregåande skule, avd Bildøy							X						
12076	Sotra vidaregåande skule, avd Sund	X	X											
12075	Stend vidaregåande skule						X							
12013	Stord vidaregåande skule	X		X		X					X	X	X	X
12081	Tertnes vidaregåande skole												X*	
12080	U. Pihl vidaregåande skole												X	
12037	Øystese gymnas												X	
12083	Årstad vidaregåande skole	X				X		X		X				

* Synspedagogisk gruppe ved Tertnes vgs. tilbyr tilrettelagt opplæring for sterkt synshemmede/blinde elevar med sammensatt funksjonshemming. Det pedagogiske opplegget retter seg mot elevar med behov for grunnleggende opplæring i punktskrift, Ikt og mobilitet.

Spesialundervisning med opplæring i eiga gruppe HT (8-10 elevar)

Desse gruppene er tiltenkt elevar som har rett til spesialundervisning med mål om grunnkompetanse. Læring gjennom praksis er ein sentral metode og det vert lagt stor vekt på sosial læring og anna trening for framtidig arbeid. Elevane kan bli utplassert i arbeidslivet. For nokre elevar kan det vere aktuelt å følgje opplæringa i gruppa over fleire år, for andre kan det vere aktuelt å gå over til ordinære grupper på Vg1 eller Vg2. Dersom eleven har karakterar ifrå grunnskulen vil vi anbefale at eleven søker om inntak til eit ordinært Vg1, evt med mål om grunnkompetanse.

Den sakkunnige vurderinga om rett til spesialundervisning frå OT/PPT vil vere retningsgivande for tilrettelegginga og innhaldet i opplæringa til den einskilde. Det vil bli utarbeidd individuelle opplæringsplanar for kvar enkelt elev. Elevane kan få vurdering med eller utan karakterar. Elevane får dokumentert kva modular frå fagplanen som er gjennomgått. Dersom det viser seg at eleven i løpet av skoletida klarar full kompetanse kan opplæringsmålet endrast.

Skolenr	Skolenamn	BA	DH	EL	HS	MK	NA	RM	SS	TP	ID	MD	ST	STFO
12051	Arna yrkesskule	X												
12053	Askøy videregående skole									X				
12090	Austrheim videregående skole									X				
12059	Bjørgvin videregående skole								X					
12062	Fyllingsdalen videregående skole									X				
12093	Knarvik videregående skule	X							X	X				
12020	Kvinnherad videregående skule									X				
12066	Laksevåg videregående skole	X								X				
12069	Lønborg videregående skole				X									
12031	Norheimsund videregående skule									X				
12021	Odda videregående skule				X									
12070	Olsvikåsen videregående skole		X		X			X						
12072	Sandsli videregående skole							X						
12073	Slåtthaug videregående skole	X								X				
12075	Stend videregående skule						X							
12074	Sotra videregående skule	X			X			X		X				
12013	Stord videregående skule									X				
12035	Voss jordbruksskule	X					X			X				
12083	Årstad videregående skole	X			X			X		X				
12082	Åsane videregående skole				X					X				

Dersom fylkeskommunen ikkje har nok søkjarar til eit tilbod vil gruppa bli lagt ned. Dersom det blir for mange søkjarar må fylkeskommunen prioritere dei som har størst behov. Elevar som ikkje får plass blir tatt inn til same programområde, men til ordinær gruppe med mål om grunnkompetanse.

Spesialundervisning med opplæring i ordinær gruppe (15-30 elevar)

Innan alle programområda er det mogleg å søkje om inntak til ordinær gruppe med mål om grunnkompetanse. Den sakkunnige vurderinga frå OT/PPT vil vere retningsgivande for tilrettelegginga og innhaldet i opplæringa til den einskilde elev. Dersom det viser seg at eleven i løpet av skoletida klarar full kompetanse kan opplæringsmålet endrast. Det er også mogleg å endra målet til grunnkompetanse i løpet av skoletida dersom det blir vanskeleg for eleven å fullføre med full måloppnåing. Ei slik endring av opplæringsmåla må skje etter eleven sitt ønskje og etter sakkunnig vurdering.

Mindre tilretteleggingsbehov

Behov for mindre tilrettelegging i ordinær klasse kvalifiserar ikkje automatisk til rett til inntak 1. februar. Dette gjeld også dersom det med enkle tekniske hjelpemidlar kan tilretteleggjast i klasserommet.

Elevar som ikkje er kvalifisert for inntak til vidaregåande opplæring med behov for særskilt tilrettelegging bør sende inn skjema **«Melding om behov for tilrettelegging av undervisninga»** i tillegg til å søkje ordinært inntak. Rådgevar på skolen kan gje nærmare informasjon.

Skjema «Melding om behov for tilrettelegging av undervisninga» er berre eit overføringsskjema til den skolen eleven skal gå på neste skoleår. Det gir ikkje prioritering ved ordinært inntak. Elevgruppa tevlar på ordinær måte ved inntak til det aktuelle program området. Meldeskjema om behov for tilrettelegging skal **ikkje** sendast inn for elevar som søker på særskilte vilkår.

Skjema **«Melding om behov for tilrettelegging av undervisninga»** skal fyllast ut i eitt eksemplar og sendast **innan 15. juni til:**

Inntakskontoret i Hordaland,
Postboks 7900, 5020 Bergen

Søknadsfristen for desse elevane er 1. mars 2012